



MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Torsdag 26.9.2013 kl. 16:30 - 18:30, fredag 27.9, kl. 08:00 - 10:30
Stad: Kongsberg, Grand hotel Kongsberg

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune (26.9), sak 28, 31, 32, delvis sak 33
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

– Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
– Rådmannsutvalet deltok i sak 31, 32, 33

SAK 28/13 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 30.8.2013

Vedtak

Møteprotokoll for møte 30.8.2013 vart vedteke.

SAK 29/13 TILSKOT TIL UNGT ENTREPRENØRSKAP

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vurderer ” Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” som eit vellykka tiltak, som blir vidareført i 3 nye år, frå hausten 2013, med ein stillingsressurs på 40%.
2. Av ei kostnadsramme på kr 410.000 pr. år i tre år, totalt kr. 1.230.000, dekkjer UE Buskerud 50% av kostnadane.
3. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd tilskot tilsvarande 50% av kostnadane, totalt inntil kr. 615.000.
4. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2013.

SAK 30/13 SØKNAD OM TILSKOT, HALLINGDAL OPPLÆRINGSKONTOR

Ivar Brevik gjekk frå som inhabil, som medlem i styre for Hallingdal Næringshage.

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd eit tilskot på inntil kr. 250.000 og maksimalt 50% av kostnadane, til forprosjekt Hallingdal Opplæringskontor (HOPP).
2. Avtalepart i forhold til tilskot er Hallingdal Næringshage AS.
3. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2013.
4. Forprosjektet skal vera avslutta innan 1.10.2014.
5. Regionrådet for Hallingdal ser det ikkje som naturleg på vera prosjektansvarleg for etablering av Hallingdal Opplæringskontor.

SAK 31-13 ØKONOMIPLAN 2014 – 2017 OG ÅRSBUDSJETT 2014

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2014, med ei kommunal finansiering på kr. 1.600.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 700.000 for 2014, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2014 – 2017. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2013.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

SAK 32/13 MØTEPLAN 2014

Vedtak

Møteplan for 2014:

DATO	TID	STAD	REGIONRÅDET/ HALLINGTINGET
Fredag 31.1.2014	09:00	Gol	Regionrådet
Fredag 28.2.2014	09:00	Flå	Regionrådet mogeleg dialogmøte med fylkesmannen?
Torsdag - fredag 27 - 28.3.2014	09:00	Hol	Regionrådet/rådmannsutvalet
Torsdag - fredag 8.5 - 9.5.2014	09:00	Hemsedal	Hallingtinget
Fredag 23.5.2014	09:00	Hol	Regionrådet
Fredag 27.6.2014	09:00	Ål	Regionrådet
Fredag 29.8.2014	09:00	Nes	Regionrådet
Fredag 26.9.2014	09:00	Hemsedal	Regionrådet
Fredag 31.10.2014	09:00	Ål	Hallingtinget
Fredag 28.11.2014	09:00	Gol	Regionrådet
Fredag 19.12.2014	09:00	Flå	Regionrådet

Sak 33/13 EVENTUELT

Felles forliksråd

Leiar for rådmannsutvalet, Sveinung Halbjørhus, orienterte om status for sak om felles forliksråd med tilhøyrande sekretariat for Hallingdal.

Sorenskrivar Stein Arne Vedde forslo i brev datert 30. mai til ordførarane i Hallingdal og opprette eit felles forliksråd med tilhøyrande sekretariat for Hallingdalskommunane. Målet med forslaget var «å effektivisere behandlingen av saker, styrke kompetansen i forliksrådet, og til å øke tilliten til avgjørelsene der blant publikum.» Sorenskrivar Vedde orienterte Regionrådet om saka i møte 28. juni 2013. Regionrådet gjorde slikt vedtak i saka:

«For å vurdere innspel frå Hallingdal Tingrett i brev dat. 30.5.2013, blir det sett ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å vurdere felles forliksråd, med felles sekretariat. Arbeidsgruppa skal og vurdere om det kan vera aktuelt med samlokalisering av Øvre Buskerud Jordskifterett og Hallingdal tingrett. Arbeidsgruppa blir sett saman av representantar frå rådmannsutvalet i tillegg til sorenskrivar Stein Arne Vedde. Leiar i rådmannsutvalet Sveinung Halbjørhus er leiar for arbeidsgruppa. Forslag frå arbeidsgruppa skal leggst fram for Regionrådet 30.august i år.»

Arbeidsgruppa (Sveinung Halbjørhus og Stein Arne Vedde) har tidlegare gitt melding om at tidsfristen ikkje var mogeleg å overhalde. Det vart presisert at saka berre handla om problemstillingane kring felles forliksråd og at spørsmålet om ei eventuell flytting av Jordskifteretten ikkje ville vera ein del av denne saka.

Vidare vart det orientert om Politianalysen, som kom 19. juni i år, der utvalet m.a. anbefalar at det «bør igansettes nødvendig utredningsarbeid med sikte på å overføre oppgaver innen sivil rettspleie og en hoveddel av forvaltningsoppgåver til andre etater og virksomheter». Det vart og orientert om felles møte mellom leiinga i Nordre Buskerud Politidistrikt og Regionrådet 18. september i år, der Politimeisteren ville gjere ei grunding utgreiing av dei sivile oppgåvene, før Politiet ville trekke nokon konklusjon om m.a. sekretariatet for forliksrådet burde flyttas til andre etatar.

Det vart orientert om at det ikkje føreligg nokon utgreiing om organisering av domstolane på same måte som Politianalysen, men at det vart arbeida med dette i Domstoladministrasjonen. Fordelen med å gi ei uttale på dette tidspunktet kan vera større mogelegheit for å påverke.

Vidare i orienteringa vart og eventuelle endringar kommunestrukturen nemnt som eit relevant og dagsaktuelt spørsmål som kunne ha betydning for den vidare handsaminga av spørsmålet.

Regionrådet var samde om å endeleg avklare den vidare felles handsaminga av spørsmålet til møtet 14. oktober 2013.

Innkjøpsarbeidet mellom Buskerud, Telemark og Vestfold fylkeskommune.

BTV Innkjøp ved innkjøpssjef Roy Pettersen orienterte Regionrådet og rådmannsutvalet om innkjøpsarbeidet mellom Buskerud, Telemark og Vestfold, vedlagt presentasjon.

Utgangspunktet var m.a. tidlegare drøftingar og og vedtak i Hallingtinget, sak 06/13.

Erik Kaupang tok opp spørsmålet om kommunane i Hallingdal har ein bevisst haldning til deltakinga i innkjøpsarbeidet mellom Buskerud, Telemark og Vestfold fylkeskommune. I enkelte samanhengar kan det sjå ut som om lokale leverandørar ikkje deltek, eller dei blir ikkje prekvalifisert. I forhold til rekrutteringsarbeid verkar dette negativt, der det bør vera eit poeng å nytte dalen sin kompetanse. Regionrådet saman med rådmannsutvalet vil sjå

på om det bør gjerast tiltak for å stimulere til deltaking frå leverandørar, og vurdere om ordninga verkar diskvalifiserande for mindre lokale firma.

Det vart gjeve ei grundig orientering om BTV Innkjøp, lovverket og handlingsrommet. Rådmannsutvalet vil vurdere vidare korleis lokale leverandørar i større grad kan delta i innkjøpssamarbeidet. Det skal og vurderast om det er område der kommunane i Hallingdal, ut frå ei total vurdering, er best tent med å stå utanfor samarbeidet.

Uttale fylkesvegar

Dagleg leiar lagar forslag til uttale for Handlingsprogram fylkesveger 2014-17, høyringsfrist er 1.10.2013.

Uttale planprogram «Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling i Buskerud»

Dagleg leiar lagar forslag til uttale for planprogram «Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling i Buskerud». Høyringsfrist er 4.10.2013.

Ål 1.10.2013

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon, BTV Innkjøp ved innkjøpssjef Roy Pettersen